

Klima- og miljødepartementet
v/Miljødirektoratet

Oslo, 18. august 2020

KLAGE –

TILLATELSE TIL Å SETTE UT BLÅHEGG (*AMELANCHIER SPICATA*) I TØMMERVEIEN 1, LANGHUS

Miljødirektoratet sin ref. 2020/6107

Vi viser til vedtak dagsett 22.6.2020, utlagt på Miljøvedtaksregisteret 29.7.2020.

Klagarane har si merksemd på biologisk mangfald, som er grunnlaget for vår klagerett. Vi kan gjere ytterlegare greie for vår klagerett, om nødvendig.

Vi ønskjer at vedtaket blir omgjort til avslag.

Viktige tidspunkt i saka

Vedtaket er dagsett 22.6.2020. Søknaden er dagsett 5.5.2020 og arbeidsperioden er i søknaden sett til 18.5.- 31.5.2020. Det gir mindre enn 2 veker til sakshandsaming og ikkje nokon periode for klage før plantene er sett i jorda. Dette er ikkje greitt. Søkjar kan ikkje rekne med så kort sakshandsamingstid. Dessutan bør det etter kvart bli betydeleg med leveringstid når det gjeld denne typen planter.

Vi ser ikkje om det er planta før løyvet er gjeve.

At det går 5 veker frå vedtak til dette ligg på Miljøvedtaksregisteret er ytterlegare ugreitt og ikkje etter regelverket.

Naturvernforbundet
Mariboes gt. 8, 0183 Oslo
naturvern@naturvernforbundet.no

WWF Verdens naturfond
Postboks 6784 St. Olavs Plass, 0130 Oslo
wwf@wwf.no

SABIMA
Mariboes gt. 8, 0183 Oslo
sabima@sabima.no

Norsk Botanisk Forening
Naturhistorisk museum, PB 1172 Blindern,
0318 Oslo
post@botaniskforening.no

Ansvarleg for plantene det er gjeve løyve til.


I denne saka er det eit kollektivselskap som har gjort ein skade på ein hekk. Dei vil ordne opp etter seg og ber eit gartnarfirma om å gjere jobben. Gartnarfirmaet har søknadsplikt når det gjeld den aktuelle arten. Grunneigaren som har meir av denne arten frå før, og som i framtida vil ha denne arten på sin eigedom, kjem heilt i bakgrunnen. Såleis blir vilkåra knytt til løyvet stilt til gartnarfirmaet. Dette som følgje av at regelverket set krav knytt til gartnar, men ikkje grunneigar i dette tilfellet. Det vil seie at det vil vere ingen som har ansvar i ei slik sak viss gartnaren går konkurs. Slik kan ikkje dette saksfeltet forvaltast.

Når desse plantene er planta på eigedomen, er det den som til ein kvar tid eig eigedomen som har ei rolle som gjer at vedkomande kan vere ansvarleg. Dette må kome til syne i vedtaket.

Elles er det nødvendig å konkretisere kva areal søkjar har ansvar for å halde reint for blåhegg. Det kan t.d. vere innanfor ein sirkel med radius 2 km. Det må vere minst så langt som trasten flyg etter å ha henta seg bær i hekken.

Kunnskapsgrunnlaget

På Artskart er det nokre registreringar av den aktuelle arten i dette området.



(Artskart 30.7.2020.) Blåhegg (*Amelanchier spicata*) ser ut til å vere noko kartlagd i vestre del av kartet. I austre del har ikkje busken spreidd seg, eller, meir sannsynleg, så er det ikkje kartlagd. Eldste forvilla funn er frå 1942. Tømmerveien 1 ligg litt til høgre for midten av kartet.

Vi meiner det er mest sannsynleg at blåhegg er ein del meir utbreidd enn det som kjem fram av Artskart, og at kartlegginga er mangelfull. Det er svært sannsynleg at blåhegg alt er eit

problem i området. T.d. ved at spreinga som har skjedd allereie vil kunne spreie seg vidare. Dermed er det meir enn næraste nabolag som kan bli påverka.

Miljødirektoratet seier mellom anna dette:


er blåhegg plassert i høyeste risikokategori (SE). I denne saken finner vi at det er områder med viktige naturverdier, men som det er usikkert om har stor relevans da disse naturtypene ikke er identifisert som særlig sårbare for spredning av denne arten.

Å hevde at ein har greitt kunnskapsgrunnlag, og så seie noko slikt som dette, etterlet eit stort behov for føre var.

Artskart har elles ingen registreringar i området merka Bøleråsen. Der finst det heilt sikkert natur, så manglande registrering er vel ikkje anna enn manglande kunnskap.



Artskart 30.7.2020.



Naturbase 30.7.2020

Artskart (utsnitt med alle registreringer per 30. juli 2020) har ein del område det manglar registreringar før ein kan slå fast at kunnskapsgrunnlaget er godt. Det er heller ikkje opplysningar som fortel kor god naturtypekartlegginga i området er.

Vurdering av om ein skal skifte heile hekken eller skifte ein del

Dette er ei sak om reparasjon, erstatning av skadde buskar med nye. Vurderinga som er gjort går på at med ny planting blir det ikkje verre enn det var før. Svaret vil då alltid vere at det ikkje blir verre enn før. Då vil det alltid bli minst like ille som før.

Men ein må sjå litt meir på førsituasjonen. Er bruken av arten slik no at den fører til problem i naturen? Viss svaret er ja, så er jo nosituasjonen problematisk. Denne arten spreier seg til naturen, og der gjer han skade. Det er ikkje utan grunn at risikoen er sett til svært høg risiko (SE). Spørsmålet er om ein då skal oppretthalde skadesituasjonen i naturen, eller prøve å utbetre denne. Når ein er klar over at arten skaper problem og likevel ikkje gjer noko med situasjonen som skaper problemet, så gir ein opp å løyse problemet. Viss dette er strategien, har ein ikkje bruk for eit lovverk som skal regulere dette.

Innstrammingane på dette området er nødvendige. Situasjonen som er oppstått i Tømmerveien 1 er ein grunn for å skifte ut arten i denne plantinga. Når vi ser bileta, ser det ut til at busselskapet har eit plassproblem. Denne skaden vil fort kunne oppstå igjen fordi hekken står svært nær trafikkarealet i ein sving. Eigar av busslomma bør kjøpe nokre kvadratmeter hos Tømmerveien 1 og så plante ny hekk tilpassa dette.

(Bilete frå søknaden)



Når ein ser bilete av hekken, både den som er skadd og den som ikkje er det, så vil ei nyplanting her for at skadd område blir totalt renoverert vere ganske krevjande. Den skadde delen av hekken har ei maksimal høgde (truleg 60 cm, noko lågare enn den på biletet) som følgje av siktkrav i krysset, og hekken framstår her like brei som høg. Dette er ein unaturleg form for blåhegg, som veks ganske mykje i høgda og er etter måten smal. Det vil følgjeleg ta litt tid før ny hekk ser ut som den som er nærare krysset. Lenger inn i busslomma er blåheggen meir i samsvar med sin naturlege vekst. Her rekk greinene no inn over arealet som er asfaltert. Dvs. at blåhegg har ei vekstform som krev klipp også her. Det vil vere ein betydeleg mengde greiner som ved klipp må fjernast innan det kjem ein ny buss. Arten blåhegg er neppe optimal for bruk langs busslomma. Vi antar at t.d. bøk vil ha minst like gode eigenskapar, og bøk er ein art som høyrer til rundt Oslofjorden.

Elles viser bileta at bussane regelbunde køyrer utanfor asfaltert område. Dermed hardpakkar dei delar av rotsona til hekken. Dette kjem ikkje til å endre seg med nyplanting av ein bit av hekken på same stad som før. Denne delen av hekken har harde vilkår.

Alt i alt vil ein reparasjon av hekken med same plante som før på same stad som før oppretthalde ein dårleg situasjon både for hekk, busselskap og hageeigar. Då er tida inne for å velje ei ny løysing, der ein også haustar ein fordel for naturen i form av færre individ av ein art med svært høg risiko.

Konklusjon

Vilkår må rettast mot grunneigar. Aktuelle krav til fjerning av rømlingar vil vere så omfattande at dei vanskeleg kan gjennomførast. Kunnskapsgrunnlaget er mangelfullt, og den kunnskapen som finst er i mindre grad brukt av sakshandsamar. Omsøkte art er teknisk sett ei dårleg løysing på staden, og stadeigne alternativ finst.

Oppsetjande verknad

Vi ber om at planting ikkje blir sett i verk. Viss planting alt er utført, ber vi om at plantinga blir fjerna viss klagen fører fram.

Med venleg helsing

Arnodd Håpnes
Fagleiar naturmangfald, Naturvernforbundet

Christian Steel
Generalsekretær, Sabima

Sverre Lundemo
Seniorrådgjevar naturmangfald, WWF Verdens naturfond

Jeanette Viken
Organisasjonsrådgjevar, Norsk Botanisk Forening